

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 06.10.2016  
**Tidspunkt:** 11:00-15:15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Nils T. Bjørke	Leiar	SP
Geir Angeltveit	Medlem	V
Atle Kvåle	Medlem	A
Gustav Bahus	Medlem	FRP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kirsten Syljeset	Medlem	H
Jon Askeland	Medlem	SP

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
John Torgeir Torsvik	Kirsten Syljeset	H
Mette Heidi Ekrheim	Jon Askeland	SP

**Merknader****Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Kaisa Banne	Rådgjevar Statens vegvesen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 85/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 86/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 87/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 67/16	Uttale - nytt avtaleregime for bompengesektoren	2016/5903	
RS 68/16	International Newsletter 01/16	2014/19660	
RS 69/16	Bymiljøavtale for Bergen - status for arbeidet	2014/54	
RS 70/16	Oversendingsforslag frå Utval for miljø og samferdsel	2016/412	
RS 71/16	Svar på oversending - status på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen	2016/412	
RS 72/16	Svar på spørsmål om studentrabatt	2016/412	
RS 73/16	Svar på spørsmål om utskifting til LED-lys på vegarmatur	2016/412	
RS 74/16	Svar på spørsmål om rutiner for vedlikehald av haldeplasser	2016/412	
RS 75/16	Opsjonsvurderingar transportkontraktar	2015/6769	
RS 76/16	Hordaland som eitt løyvedistrikt og miljøkrav til drosjebilar i løyvedistriktet	2016/6087	
PS 88/16	Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte	2014/11957	
PS 89/16	Planar for bybåtsambanda og turistrute Hardanger	2014/278	
PS 90/16	Oppfølging av miljøstrategi for Skyss	2014/278	
PS 91/16	Ymse		
PS 92/16	Saksframlegg Fylkesutvalet 09.16 Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020	2015/248	

## **PS 85/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Saklista vart godkjent utan merknader.

## **PS 86/16 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

### **Vedtak**

Møteboka frå møte den 7. september 2016 vart godkjent utan merknader.

## **PS 87/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

**RS 72/16 Svar på spørsmål om studentrabatt.**

**Rasmus Laupsa Rasmussen** stilte spørsmål om kva det vil kosta å ta vekk aldersgrensa på studentrabatt.

RS 67/16 Uttale - nytt avtaleregime for bompengesektoren

RS 68/16 International Newsletter 01/16

RS 69/16 Bymiljøavtale for Bergen - status for arbeidet

RS 70/16 Oversendingsforslag frå Utval for miljø og samferdsel

RS 71/16 Svar på oversending - status på innføring av kortbetaling på Hardangerbussen

RS 72/16 Svar på spørsmål om studentrabatt

RS 73/16 Svar på spørsmål om utskifting til LED-lys på vegarmatur

RS 74/16 Svar på spørsmål om rutiner for vedlikehald av haldeplasser

RS 75/16 Opsjonsvurderingar transportkontraktar

RS 76/16 Hordaland som eitt løyvedistrikt og miljøkrav til drosjebilar i løyvedistriktet

## **PS 88/16 Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS i driftsstøtte for 2016  
Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskottaukar med kr. 130 000
Konto 10 300 290 00 14700	Til rådevelde for MISA går ned med kr. 130 000

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

**Nils T. Bjørke** sette fram forslag om tillegg til innstillinga.

«Utvalet for miljø og samferdsel ber om å få ei sak om framtidig finansiering og drift av selskapet.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 4 røyster (FRP, MDG, SV).

Nils T. Bjørke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr. 130 000 til Odda Vegfinans AS i driftsstøtte for 2016.

Utvalet for miljø og samferdsel ber om å få ei sak om framtidig finansiering og drift av selskapet.

Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott aukar med kr. 130 000
Konto 10 300 290 00 14700	Til rådevelde for MISA går ned med kr. 130 000

## PS 89/16 Planar for bybåtsambanda og turistrute Hardanger

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positive til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.
3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppstø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlige framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
4. Fylkestinget ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysing av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlige framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016

**Geir Angeltveit** (V) sette fram forslag til tillegg til pkt 3 og nytt pkt 5.

«Pkt 3. Vurdere kapasitet (...) økonomi og venteromsmessige fasilitetar for reisande.

Pkt 5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingeplassar i alle kontraktar.»

**Gustav Bahus** sette på vegne av FRP, H fram forslag til endring i pkt 3 og 4 der ordet vegval vert erstatta med utvikling.

### Røysting

Geir Angeltveit sitt forslag til nytt pkt 5 og endra pkt 3 vart samrøystes vedteke

Gustav Bahus sitt forslag til endringar i pkt 3 fekk 7 røyster (FRP, H, MDG, V) og fall og pkt 4 fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling med tillegget frå Angeltveit vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positive til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.
3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppstø – Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlige framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve, økonomi og venteromsmessige fasilitetar for reisande.

4. Fylkestinget ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysning av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlige framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingeplassar i alle kontraktar.

## **PS 90/16 Oppfølging av miljøstrategi for Skyss**

### **Forslag til innstilling**

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss gir klare føringar for arbeidet med innfasing av null- og lågutseppsalternativ, etter kvart som dette er mogleg. Framdrift og plan for arbeidet vert knytt til nye anbod.
2. Det skal leggest fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

**Natalie Golis** sette fram forslag til endra pkt 1 innstillinga.

«Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutseppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming.»

**Stein Inge Ryssdal** sette fram forslag om å stryka ordet «Bergensområdet» i pkt 2.

### **Røysting**

Natalie Golis sitt forslag til endra pkt 1 vart vedteke med 8 røyster (MDG, H, FRP, V, SV).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til endring i pkt 2 fekk 4 røyster (H, FRP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 vart vedteke mot 4 røyster (H, FRP).

### **Innstilling**

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutseppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming
2. Det skal leggest fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.

## **PS 91/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

ORIENTERINGAR

**Konseptvalgutreding (KVU) rv.7 og rv.52. Gol-Voss.** Orientering a Statens vegvesen v/prosjektleiar Kjell Kvåle.

**Hardangerviddatunnelene** v/Helge Hopen orienterte om analyse som er gjort av SVV sin KVU.

**Hordalandsdiagonalen AS** v/Trygve Bolstad og Arnfinn Førund orienterte om sitt syn på traseval.

### **Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta.**

Det vart orientert om følgjande saker:

- Problema med drifta av bybana i september. Ein vil koma attende med grundigare orientering.
- Fordeling av billettsal på salskanalar per august. Mobilbillettsalet er stadig aukande.
- Utviklinga i kommunikasjonen mellom publikum og Skyss, og kva som er mest etterspurt.

- Beredskapsplan for transport på dagar med høg luftureining i Bergen og forhøga bompengar.

### **Nytt frå Statens vegvesen v/Olav Finne**

Det vart orientert om følgjande saker:

- Trafikkdrepte i Hordaland. Det er 822 dagar sidan sist det var trafikkdrepte i Bergen.
- Stengt veg i Modalen. Det er utfordringar med grunnforholda. Det vil ta eit par mnd før vegen er ferdig utbetra.
- Voss knutepunkt er finansiert, og byggjing av terminalbygget tek til innan rimeleg tid.
- Vegopningar:
  - Bjørgatunnelen 16. nov.
  - E39 Tuft-Flatøy 31. okt.
  - E39 Romarheimsdalen rassikring 31. okt.
- Opningstidspunktet for Stordalsprosjektet er enno uklart pga konflikt med entreprenøren.
- Rassikring Deildo – full stenging i 3 veker frå veke 42.
- Orienterte om statsbudsjettet – 105 mill kr til førebuande arbeid til Sotrasambandet.
- Statsbudsjettet har med ein tiltakspakke til vestlandet, der det er lagt opp til ekstra midlar til dekkeleggjing og midlar til to sykkelveggar i Bergen.

### **Spørsmål**

**Astrid Aarhus Byrknes** har stilt slikt spørsmål:

Eg takkar for svar på mitt spørsmål som ligg i MISA til 6.10.

For å fylgje opp denne, så ber eg om at eg får eit "røffleg" eller stipulert tal på kva det vil koste å få kontroll på det etterslepet ein har på vedlikehald på haldeplassar. Eg ynskjer desse i god tid før budsjettet for 2017 skal handsamast.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Marthe Hammer** har stilt slike spørsmål:

#### Finansiering av bybana

I BA 1.oktober 2016 kan vi lese om finansieringen av bybanen og manglende oppfølging fra staten.

– "Byen vår har bare fått finansiert en andel på 15 prosent av bybanen fra staten siden 2002-2003, tross forutsetning om at dette skulle ligge på 40 prosent. Vi har allerede tatt tøffe grep for å få friskere byluft og mindre klimautslipp, sier byråd i Bergen, Anna Elisa Tryti.

Utgangspunktet for bymiljøavtalene er at staten skal stå for 50 prosent av finansieringen av investeringer til kollektivtransport. Dette var også et element da krangelen om bybanen langs Bryggen sto på."

Spørsmål til Samferdsledirektøren

1. Kan Samferdsledirektøren bekrefte at dette talet på 15% er riktig?
2. Kan Samferdsledirektøren vise en oversikt over korleis tallet på 15 % er komme fram, f.eks gjennom ein oppstilling av statens finansiering til bybanen siste 3 års -5 års periode.

Håkon Rasmussen orienterte om premissane for avtalen med Staten, og synte til at ein kan få ytterlegare innsikt i dette temaet i 10-års rapporten for Bergensprogrammet.

#### Opprustningen av Kong Oscars gate

Opprustningen av Kong Oscars gate er ein del av Bergensprogrammet. Denne opprustninga har no starta. No skal det bli mindre gjennomgangstrafikk og betre lagt tilrette for gåande og syklende i den historiske gaten.

På Bergen kommune sine nettsider vedrørende prosjektet står det: "Prosjektet vil bli gjennomført i fire hovedfaser med antatt ferdigstilling våren 2018, og oppstart blir i området ved Korskirken. Prosjektet må gjennomføres over flere faser, og kjøremønsteret i Vågsbunnen vil derfor bli endret underveis i byggingen. For å redusere gjennomgangstrafikken, vil venstresving fra Vetrilidsallmenningen inn i Kong Oscars gate bli stengt i hele anleggsperioden. Dette er også planlagt som permanent løsning når anlegget er ferdig. Antall parkeringsplasser i Vågsbunnen (både sone og avgift) vil bli redusert i anleggsperioden, samt etter at anlegget står ferdig."

I Forprosjektet, som er ein del av Bergensprogrammet, tar ein for seg tilråding av trafikkmessige løysingar og fysisk utforming av gateløp og byrom i Kong Oscars gate  
Det er omtalt to hovudproblemstillingar når det gjeld trafikale forhold:

1) Trafikkmengden er større enn ønskelig. Kong Oscars gate er del av det historiske Bergen, den indre bykjernen. Den nordre delen av gateløpet og sidegatene er ikke egnet for den biltrafikken som belaster området i dag. Trafikken skaper støy, barriereeffekt og risiko for trafikkulykker pga store mengder fotgjengertrafikk.

2) Kong Oscars gate har viktige transportfunksjoner, alternative vegvalg er mangelfulle.

#### 4.2. Trafikkanalyse

Følgende er et sammendrag av trafikkanalysen.

- Dagens trafikkforhold: Trafikken gjennom Kong Oscars gate varierer langs gateløpet. Trafikkmengden i nordre del, fra kryss med Vetrilidsalmenningen til kryss med Korskirkealmenningen ligger på ca. 4.000 ÅDT, mens trafikkmengden videre sørover mot Nygaten er ca. 5.000 ÅDT. Sør for Nygaten mot Kalfarveien er trafikkmengden ca. 9. – 10.000 ÅDT

Dette prosjektet med trafikkanalyser og alternative vegvalg kan gi et viktig grunnlag for videre arbeid med å få det bilfritt både på Torget og Bryggen. Statens vegvesen og fagetat har i den forbindelsen uttalt at det da forutsetter en tunnel fra Dokken til Bontelabo.

Kong Oscars gate omtales som en gate for gjennomgangstrafikk, i trafikkanalysen for nordre del er trafikkmengden sørover på ca. 4000 ÅDT. Vi kan anta at denne trafikken kommer ned Vetrilidsalmenningen, fra Øvregaten og Indre Sandviken, men det er ikke stadfestet tall om dette er reell gjennomgangstrafikk eller lokal trafikk.

Ut fra tidligere analyser i Bergensprogrammet kan det se ut som ÅDT for gjennomgangstrafikk også inneholder trafikk som absolutt kan defineres som lokaltrafikk. Det kan se ut som all trafikk innenfor Bergenhus også blir omtalt som gjennomgangstrafikk og ikke lokal trafikk som skal til/fra sine boliger i Indre Sandviken.

Spørsmål:

1. Kong Oscars gate har no vore stengt i to uker. Kan samferdsledirektøren legge fram nye tall og oversikt over kor biltrafikken har tatt vegen?

2. Har samferdsledirektøren nyare analyser av trafikken som benytter dette gateløpet og som kører gjennom heile bydelen?

Olav Finne svara at det er for tidleg å føreta ei etterundersøking/slike teljingar etter kun 14 dagers anleggsarbeid. Det er naturleg at dette vert gjort på same tidspunkt på året som førteljinga, dvs våren 2017, for å få mest mogeleg samanliknbare tal.

Siste analysar er frå 2013 og 2014; sistnemnte er eit notat som vurderar belastning i gata ved bruk som eventuell omkjøringsveg for ein anleggsperiode for Bybanen.

**Gustav Bahus** har stilt slikt spørsmål:

Kvite veggjar og lys i tunnelane på FV 570, FV 379 og FV 383, Masfjorden kommune.

Viser til trafikkisikringsplan for Masfjorden kommune 2015 -2019.

I trafikkisikringsplanen er det omtala kvite veggjar og lys i tunnelane på FV 570, FV 379 og FV 383. Tunnelen på FV 570, Hostelandstunnelen har svært dårleg sikt og er mykje nytta til gåande og syklende. I denne tunnelen har det også vore nestenulykker mellom syklende og bil. Vi har ei sterk oppfordring om at det snarleg må komme lys i denne tunnelen, og i påvente av lys vil kvitmalte tunnelveggjar gjere tunnelen lysare og gje betre sikt.

FV 383 mellom Matre og Indre Haugsdal vert nytta som omkjøringsveg når Masfjordvegen er stengt. Tunnelane på denne strekninga er mørke og uoversiktlege. Denne vegen vert mykje nytta til idrettsaktivitetar som sykkel, jogging, rulleski o.l. Dette er vegen syklende og gåande må nytte for å komme seg frå Matre og vidare mot Romarheimsdalen. Det er eit sterkt ønskje om lys i desse tunnelane for å ivareta trafikktryggleiken. Her kan også tunnelane malast kvite som eit strakstiltak.

Fv 379, Masfjordvegen vert nytta som omkøyingsveg når Jernfjelltunellen er stengt. Denne strekninga har også fleire tunnelar som manglar lys og kvitmalte veggar. Denne vegen er godt egna til sykkel, og då er det naudsynt med lys eller kvitmalte veggar i påvente av lys. Det er svært ønskjeleg at også dette kjem på plass i denne planperioden.

Det har tidlegare vorte hevda at enkelte tunnelar manglar høgde for å kunne montere lys. Det er fint mogeleg å montere lys på sida i tunnelane. Dette har vore gjort i andre tunnelar som ei permanent løysing i mange år. Vi ser ikkje at dette skulle by på nokon problem i dei tunnelane vi har omtala ovanfor.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

## **PS 92/16 Saksframlegg Fylkesutvalet 09.16 Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020**

### **Forslag til innstilling**

- 1) Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme
- 2) Hordaland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet
- 3) Måla i «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» blir innarbeida i den eksisterande Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016**

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ framlegg:  
Saken utsettes til fylkesutvalget er kjent med Bergen kommune sin uttale i saken.»

Tomren trekte forslaget sitt.

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV, MDG og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet ber om at saka vert sendt attende til utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling før den vert behandla i fylkesutvalet.»

**Røysting** (forslaget om utsetjing)

Oen sitt forslag fekk 12 røyster (SV, A, Sp, MDG, V, H) og vart vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet ber om at saka vert sendt attende til utval for miljø og samferdsel og utval for kultur, idrett og regional utvikling før den vert behandla i fylkesutvalet.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016**

#### **Vedtak**

Grunna kort frist frå utsending av sakspapir til realitetshandsaming (1 dag) ber utvalet for miljø og samferdsel om at saka blir sett på dagsorden i møte i utvalet 3.november 2016. Det bør leggjast opp til at administrasjonen går gjennom saka på møte den 3.november.

Utvalet ber om at vidare sakshandsaming blir tidfesta til etter at utvalet har gjennomført si realitetshandsaming.